

Håper alle har hatt ein flott haustferie med mykje moro!

Kulturskulen i år kan telje ca. 90 elevar, og i tillegg kjem Piero sine danseelevar på 12 born. Av fleire grunnar arrangerer vi ikkje dansekurs med Piero 2024 hausten, men frå januar satsar vi fullt og prøver å sette opp 2 samlingar.

Frå hausten har Eivor Time tek over all undervisninga i dans som vi er veldig glade for og det er godt gjort av ein 15 åring! Vi har nå 3 dansegrupper. 2 grupper i dans 1.-4. kl og ein for elevar 5.-7. kl. I musikk har vi ca. 45 elevplassar i piano, gitar, song og messing, og dei som har søkt i hausten i musikk må vente litt med å få plass.

Elles har vi nokre få ledige plassar i visuell kunst, og det er mykje spanande kunstverk i gong!

Nytt frå hausten er at vi prøver å starte eit tilbod i «skapande skrivning». Første kurset blir leia av Jens Brekke og kurset er gratis! Likar du å lese bøker, og ynskjer å vite korleis det er å skrive ei fin historie, meld deg på lynkurs! Dette blir garantert GØY! Jens Brekke har gjeve ut fleire bøker og ikkje minst brenner for nynorsk.

ARRANGEMENT Haust 2024:

22. oktober kl 19.00 - Elevar i musikk på Strikkekaffe

8. november kl 17.30 - 19.00 - Skapende skrivning med Jens Brekke. Vangsnes.

9. november kl 11.00 - 14.00 - Skapende skrivning med Jens Brekke. Vangsnes.

9. november kl 19.00 - Elevar i dans på strikkekaffe

22. november kl 18.00 - Kulturkveld med toner, kunst og dans. Vangsnes.

3. desember kl 19.00 - Elevar i visuell kunst på strikkekaffe

6. desember 11.30 - «Jul i heimen» VBS

Uke 50/51 - lokale juleavslutninger. Musikk, kunst og dans.

I tillegg kjem nokre arrangementer i Fresvik bibliotek. Meir info frå Hege :)

Hausthelsing frå kulturskulen: Eivor og Oddrun, Piero, Brit Eli, Marianne, Leif, Mona, Hege og Dora

(bilde: Dora)

